



Majo Eigedom AS  
Lindåsvegen 154  
5916 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2686 - 18/27643

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
10.09.2018

## Avslag på søknad om ferdigattest - gbnr 139/65 Tveiten nedre

**Administrativt vedtak. Saknr: 475/18**

**Tiltakshavar:** Erik Andreas Tvedt  
**Ansvarleg søkjar:** Majo Eigedom AS  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.

### SAKSUTGREIING

Saka gjeld søknad om ferdigattest for tiltak på gbnr 139/65 journalført mottatt 26.06.2018.

Det vart gitt løyve til oppføring av bustad og tilkomstveg på eigedomen i vedtak datert 20.10.2017. Løyvet vart gitt på vilkår av at mellombels bruksløyve eller ferdigattest for tiltaket ikkje vert gitt før det ligg føre bruksløyve for avkjørsla til fylkesveg 404.

### VURDERING:

Det er ikkje dokumentert at bruksløyve for avkjørsla ligg føre. Søknaden om ferdigattest har på bakgrunn av tilleggsdokumentasjon journalført mottatt 20.08.2018 vore send på høyring til Statens vegvesen. Dei skriv i brev datert 06.09.2018 at avkjørsla ikkje er bygd eller ferdiggodkjend og at det ikkje ligg til rette for å gje ferdigattest for bustaden.

Det kan ikkje gjevast ferdigattest når vilkåra i løyvet ikkje er oppfylt. Søknaden vert avslått.

### VEDTAK

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det ikkje gjeve ferdigattest for tiltak på gbnr 139/65. Søknaden vert avslått.**

**Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.**



## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/2686

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## **Kopi til:**

Erik Andreas Tvedt

Litlevika 23

5914

ISDALSTØ

## **Mottakarar:**

Majo Eigedom AS

Lindåsvegen 154

5916

ISDALSTØ